

02.07.2024

Val av PC

Datamaskina er eit nødvendig verktøy for deg så lenge du er elev i Vestland fylkeskommune (Vlfk). Du vil bruke maskina i undervisninga, og har sjølv ansvar for å stille med berbar datamaskin til skulestart. Elevar kan bruke eiga maskin, eller kjøpe subsidiert elev-PC gjennom leverandøren til Vlfk.

Meir om ordninga, modell og pris kan sjåast på heimesida til Vestland fylkeskommune:

<https://www.vestlandfylke.no/utdanning-og-karriere/elev/elevpc/>

Minimumsspesifikasjonar:

For fleire av utdanningsprogramma vil standardmodell være godt nok.

I utdanningsprogramma **Informasjonsteknologi og medieproduksjon (IM)** og **Medium og kommunikasjon (MK)** vil det være ein fordel med maskinar som har høgare yting, fordi ein bruker spesielle program. Dersom ein vel Windows PC, bør maskinen ha 16gb ram og 512gb lagringsplass. For MacBook bør den ha 16gb ram og 256gb lagringsplass.

Både MacBook og den kraftige PC modellen som fylket tilbyr er gode nok til dette.

Det er også mogleg å bruke ein datamaskin som eleven har frå før, dersom den er kraftig nok og dekker behovet. Eventuelt kan ein kjøpe hos andre leverandørar, men da utan subsidie. Ta kontakt ved spørsmål.